



**Etne Elveigarlag  
v/formann Vidar Børretzen  
5590 ETNE**

**ETNE, 25. Mars 2012**

**Vi viser til dykkar svarbrev av 14.02.d.å på førespurnaden vår av 09.02.**

De har fleire argument for at omsøkte plassering av fangstfella er å foretrekka. Mange av desse kjenner eg igjen frå argumenta til selgar.

Vi kan likevel ikkje sjå at vi har mottatt forespurte dokumentasjon kva for faglege vurderingar som ligg til grunn på val av plassering og heller ikkje kven som har foretatt denne vurderinga.

Det er rett at underteikna var med på synfaringa i mai i fjor og det er også rett at selgar uttrykte at plassering ovanfor Engebrua - etter hans meining - ville vera den gunstigaste plasseringa.

Etter mi meining er det ikkje rett at det ikkje kom fram merknader på denne plasseringa. Så vidt eg hugsar vart det stilt spørsmål om plasseringa, og ikkje minst om konstruksjonen ville halde ved stor elv. Det viktige er likevel at vi oppfatta saka slik at det var i tida etter synfaring at vurderingar og konklusjonar skulle gjerast, ikkje på synfaringsdagen. Det var mykje som var uklart på denne tida, blant anna var det ikkje gjort vedtak om at det var selgar si løysing som skulle velgast. Det vi ikkje har oversikt over er arbeidet som er gjort mellom synfaringa i mai og november og dokumentasjon på vurderingane som ligg til grunn for konklusjonane før søknaden vart sendt. Vi har heller ikkje oversikt over EJFF si medvirkning etter første synfaring.

Vi har halde tillitsvalgtmøte og medlemsmøte i veke 10. Styret har fått ansvaret for å gå vidare med disse synspunkta og vi vil blant anna peike på:

Er det gjort grundige vurderingar av fagfolk med kunnskap om elv (straumar, elvebotn, leire og masseflytting o.l.) på omsøkte plassering og alternative plasseringar nedanfor bruа, f.eks. nede i sone 2 eller øverst i sone 1B ?

Har fagfolk sett nøyne på konstruksjonen som selgar har foreslått ? Vil den vera eigna på omsøkte plassering? Av det vi har sett av dokumentasjon på fella, i søknad og på selgar si heimeside, ser det ut for at fella er plassert i vassdrag med låg fart på vatnet og det kjem ikkje fram kva for botnforhold fellene er forankra i. Våre medlem uttrykker stor skepsis til om konstruksjonen vil halde på omsøkte plassering.

Vi er gjort kjent med at finansieringa er sikra. Vi veit ikkje kven som garanterer for at utgifter til investering og drift er fullfinansiert. Vi avventar eit svar på dette.

Vi vil igjen presisera at EJFF støttar opp om at fangstfelle i etneelva kan vera eit fornuftig og naudsynt strakstiltak. Vi meiner også at våre innspel ikkje treng å forseinka prosjektet. Vi ber berre om at fagfolk foretar ei grundig vurdering om alternative plasseringar og om konstruksjonen er sterkt nok.



Vi har heller ikkje fått garantier på at fiskerettshavar blir kompensert 100 % for ulempene fangstfella representerer. Det kan gå ut over sal av fiskekort og hvis så skjer må vi ha garantier for 100 % økonomisk kompensasjon.

De er informert om at EJFF er i startfasen med å søkje om å få bygge aktivitetshus nede ved sone 1B/2 rett vest for bøen til Alf Molde. Eit aktivitetshus kan blant anna innehålde fasilitetar slik at røkterar/arbeiderar kan bruke eit rom for omkleddning og ha tilgang til sanitæranlegg.

Om huset lar seg realisera vil mange av argumenta nemnt i brevet ditt bli oppfulgt også der nede. Vil då konklusjonen om plassering bli ei anna ? Vi håpar og trur det.

Med helsing  
for Etne Jeger- og Fiskerforening

*Jan A. Vinje*  
Jan A. Vinje  
Leiar